

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 02.05.2019

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GULEN KOMMUNE SIN GODKJENNING. ENDRING AV SELSKAPSAVTALE FOR NGIR
- GULEN KOMMUNE SIN TILSLUTNING TIL IKT NORDHORDLAND KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP
- MARINE GRUNNKART I GULEN KOMMUNE. GODKJENNING AVTALE, TILSKOT OG GARANTIANSVAR
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2019 MED OVERFØRING AV UNYTTA LØYVINGAR FRÅ 2018
- HØYRINGSUTTALE FRÅ GULEN KOMMUNE. FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM RADIOAKTIV FORUREINING OG AVFALL
- SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE FOR GULEN PIZZERI

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 12.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

Kjære alle.

No har vi stilt klokka mot sommaren, og sola stig høgare på himmelen for kvar dag.

Vi går mot lysere tider. Det er mykje å gle seg over her i kommunen. Spesielt kjekt er det å sjå at ungdomen vår er aktive og får ting til. Under UKM-fylkesmønstringa stilte kommunen med mange talentfulle ungdomar som hadde flotte innslag.



Vi fekk pris på kr 5000 for det arbeidet ungdomen vår gjer i samband med UKM, og den flotte utviklinga som har vore, spesielt med antall deltakarar.

Brekke Skulemusikkorps vann 2. divisjon brassband i fylkesmesterskapet, det er flott, og det er godt å sjå at ungdomane våre er aktive.

Det er mykje kjekt som skjer i næringslivet også no. Nye oppdrag både i Gulen Industrihamn og på Skipavika Næringspark. Gulenskyss satsar stort også utanfor kommunen, sist no med ny ambulansébåt som skal gå i Sunnhordaland. Det var flott at dei la dåpen av båten til Gulen og Eivindvik.

Kommunen er også glade for at vi no endeleg har fått på plass nytt bu-og arbeidsfellesskap for PU-tenesta på Dalsøyra. Det var ein fin opning vi hadde der med mykje folk som møtte opp. Så til ting som ikkje er så gledeleg: NVE har på oppdrag av olje og energidepartementet laga forslag til ein plan for vindkraft på land. Her skal dei føreslå områder i landet som er mest eigna til vindkraft. Dei føreslår 13 område som er godt eigna, og blant dei er store områder i Gulen teke med. Øyane våre og Brosviksåta er ikkje med i planen, men elles er det fritt fram for bygging. Utifrå det kommunen har sagt i tidlegare handsaming av vindkraftplanane som har vore her, så har vi ikkje vore tilhengjarar av vindkraft.

No kjem planen ut på høyring, og eg vil oppfordre alle til å engasjere seg i saka. Eg meiner at vi på Vestlandet har teke vår del av vasskraftutbygginga, og dei store kraftlinjene for å føre straum ut av våre område. No bør vi sei at nok er nok, og at vi vil at desse områda våre får ligge uberørt til nytte for våre innbyggjarar.

Eg vil iallefall kjempe imot at dei flotte fjella våre vert bygde ned.

Som de ser er her mykje som skjer, vi må heile tida jobbe for at kommunen vår skal vere ein god og trygg plass å bu i.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Gulen kommune byter IKT-samarbeid frå SYSIKT til IKTNH

Sidan 2010 har Gulen kommune vore ein del av Sunnfjord og Ytre Sogn IKT-samarbeid (SYSIKT), saman med 9 andre kommunar i Sogn og Fjordane. IKT-avdelinga har vore lokalisert i Førde kommune, og dei har hatt driftsansvar for kommunen sine datasystem og -utstyr.

I februar 2019 gjorde Kommunestyret vedtak om å byte samarbeid over til Nordhordland (IKTNH). Prosessen er godt i gang og det blir eit stort arbeid for mange partar å få dette på plass. Alle tilsette og alle tenester vil bli påverka i ein slik flytteprosess. Vi ber difor om forståing for at enkelte system kan vere nede i kortare periodar i tida framover, og det kan oppstå noko ventetider av den grunn. På sikt vil omlegginga bli bra for Gulen kommune.

DigiHelse

I tråd med nasjonal satsing på Digitale tenester innan helse- og omsorg vil Gulen kommune starte opp med DigiHelse frå juni 2019. Vi starter med tilbod for dei som har tenester frå open omsorg (heimesjukepleie) og vil etter kvart kople på andre tenester som psykisk helse og rus, fysioterapi, PU tenesta, dagsenter m.v.

DigiHelse skjer gjennom pålogging på helsenorge.no, og brukar kan gje pårørande eller andre fullmakt til å bruke tilbodet på sine vegne.

Tenester i DigiHelse tilbodet er:

- Å kunne sende og motta meldingar frå helse- og omsorgstensta
- Sjå avtaler om heimebesøk
- Få varslar om utførte heimebesøk på tekstmelding eller e-post

Ved å bruke tenesta vil ein sikre ein trygg kommunikasjonskanal der meldinga du skriv går rett inn i kommunen sitt pasientjournalssystem. Du vil og få oversikt over kva du mottok av hjelp, og du kan gje beskjed når du treng å endre eller avbestille avtaler.

På helsenorge.no kan du lese meir om tenesta; <https://helsenorge.no/hjelpetilbud-i-kommunen/kommunale-hjemmetjenester-pa-nett>.

Gulen kommune starter opp med testing av utvalte brukarar i heimetenesta i slutten av mai, og utvider tilbodet i løpet av 2019. Aktuelle brukarar vil få nærare informasjon når tilbodet opnar for dei.

Folkemøte – God folkehelse gir god trivsel!

Gulen kommune er opptatt av at innbyggjarane våre skal trivast. **25. april** ønsker me difor at du kjem og gir di stemme når me skal prioritere trivselsfaktorar. Kva skal til for du har det bra i kommunen vår, i dag og i framtida?

Det vil bli ei kort innleiing med innbyggjarfakta og situasjonsskildring om kommunen. Hovuddelen blir «gruppedebatt/Kafemøter om prioriteringar innan:

- Samansetting av innbyggjarane
- Oppvekst og levekår
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skader, ulukker og helse

Tid og stad:

Kommunehuset i Eivindvik, kl. 17-19.

Hjarteleg velkomne!



VAL

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

I år er det kommunestyre- og fylkestingsval. Dette betyr at det skal veljast eit nytt kommunestyre med tilhøyrande formannskap, utval mm. for perioden 2019-2023.

Fristen for å levere inn listeforslag til kommunestyrevalet 2019 gjekk ut 01.04.2019 kl 12.00.

Gulen kommune mottok i alt fem listeforslag innan fristen og desse er frå følgjande parti:

- Arbeiderpartiet
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Senterpartiet
- Venstre

Listeforslaga vil verte handsama av valstyre i mai.

Meir informasjon om valet

Meir informasjon om valet vert fortløpande lagt ut på kommunen si heimeside. I tillegg vil det verte meir val-Info i Infoposten som kjem ut i løpet av juni månad.

Sjå elles. www.valg.no



Siste fredag før vinterferien arrangerte vi UKM på Dalsøyra samfunnshus. Vi hadde eit fantastisk bra arrangement, all honnør til ungdommen som jobbar så bra! Det er Ungdomsrådet som saman med leiar i Gulen Frivilligsentral står som ansvarlege arrangørar for lokalmønstringa.

Førebuingar med workshops og godt samarbeid førte til endå eit rekordår, der vi hadde ei lokalmønstring med 44 påmeldte. Dette vitnar om at kultur er ein viktig arena for ungdom å vere på. Vi hadde 10 flotte sceneinnslag, og 30 kunstinnslag! I tillegg hadde vi ein stab av unge arrangørar som jobba profesjonelt for å få til arrangementet.

Frå lokalmønstringa nominerte vi 10 innslag vidare. Å gå vidare er frivillig, og 8 av innslaga deltok på fylkesfestivalen siste helga i mars. Og der har vi Marta Fønnes Larsen, ung arrangør, som har utmerka seg og er nominert til landsfestivalen. Gratulerer!! Om Marta går gjennom nominasjonsrunden gjenstår å sjå, men så

langt er eg bevega av at vi har så flotte og ressurssterke ungdommar i kommunen vår. Dette må vi setje pris på. De gjer ein god jobb og er flotte representantar utad, samstundes er de viktige i lokalsamfunnet. De er med å gjere ein forskjell. Eg vil gratulere alle som har delteke på fylkesmønstringa med svært godt gjennomført mønstring, det er tøft å stå på stor scene med profesjonelt husband, lys, media og eit hav av publikum. Eg håpar det har gjeve dykk alle ei god oppleving! Eg og resten av Gulen er stolte!
Gulen Frivilligsentral, Vivian Våge.

Bildetekst; frå venstre Maia Wesenlund Hjørnevang, Håkon Høydal Bøe, Iselinn Haveland, Charlotte Larsen (konferansier), Hans Høye. Iselinn og Hans var med både med kunstinnslag og sceneopptreden, og Iselinn faktisk med to kunstinnslag! Ein kreativ gjeng. I tillegg jobba Marta Fønnes Larsen backstage som arrangør.





Feiing

Det vert starta opp med feiing av bustadhus i Gulen 1. mai. Dersom du meiner du har behov for tilsyn eller feiing før den tid kan du ta kontakt med einingsleiar for PLT.

Det har vore nokre tilfelle av pipebrannar i kommunen i løpet av vinteren. Ved å fyre riktig, kan ein bidra til å redusere risikoen for at dette skjer.



© Can Stock Photo - csp26993982

Slik fyrer du riktig:

- Bruk tørr ved og god trekk til det har blitt skikkelig fyr
- Reguler trekken slik at det brenner med rolige flammor
- Legg på litt og litt ved for å fyre jamt
- Bruk aldri tennveske, bensin eller andre brennbare vesker i peisen eller ovnen.

Dersom du fyller ovnen med ved og fyrer med lite trekk, vert det danna beksot i skorsteinen. Det same skjer dersom du fyrer med fuktig ved. Beksot og tjære som samlar seg i pipa kan etter kvart ta fyr og utløyse pipebrann.

Hjortejakta 2018 i Gulen

Hjortejakta i 2018 enda med ny rekord. Det var tildelt 906 løyver. Og etter jakta kunne vi telle opp:

felte hannkalv: 95 stk.
Prosent av alle felte: 11,9 %

felte hokalv: 102 stk.
Prosent av alle felte: 12,8 %

felte hanndyr 1,5 år: 153 stk.
Prosent av alle felte: 19,1 %

felte hodyr 1,5 år: 139 stk.
Prosent av alle felte: 17,4 %

felte eldre hann: 138 stk.
Prosent av alle felte: 17,3 %

felte eldre ho: 173 stk.
Prosent av alle felte: 21,6 %

I alt vart det felt 800 dyr. Fellingsprosenten var 88,3.

Det er grunn til å skryte av alle jegerane som har lagt ned eit stort arbeid for å felle så mange dyr.

I desse tider er ein i gong med ny teljing av hjort. Inntrykket er at det framleis er mykje dyr. Dette inntrykket vert stadfesta ved at ein ser mykje dyr langs vegar og på bøar når ein køyrer om kvelden og tidleg morgon.

Sett hjort-registreringane vert samla i hjorteviltregisteret og data kan hentast ut der i frå. Også desse viser tal som tyder på ein framleis veksande bestand. Samtidig går vektene på t.d. 1,5 år gamle dyr og på kalvar nedover. Dette er ei uheldig utvikling. Og det er «rovdyret» som er skuld i dette.

Når det er hjorten vi snakkar om, er jegeren «rovdyret». I eit område med ulv og bjørn vil desse gå etter det lettaste bytte. Det vil seie kalvar og eldre dyr som er byrja bli svake. Data frå hjorteviltregisteret viser at eldre hanndyr er mykje meir utsett for å bli skotne, enn hodyr og kalv.

I Gulen har vi i ei år-rekke forvalta etter prinsippet om å ta ut ca. 20% kalv, 40% ungdyr (1,5 år) og 40% eldre dyr og fordelt 50/50 på kjønn. Denne praksisen har ført til at vi nesten ikkje har eldre dyr at i hjortestammen. Dei fleste dyra er under 5 år gamle. (Flora, Gloppen, Bremanger og Stryn registrerar alder på felte dyr og då

kan ein rekonstruere samansetninga av attlevande dyr). Både hodyra og hanndyra treng å bli meir enn 5 år for å vere på topp.

Viltforvaltaren i Gulen meiner at ein større del av uttaket må vere på kalv og unge dyr. Og at ein må ta ned uttaket på dei over 1,5 år slik at desse kan få bli endå eldre enn dei får i dag.

No på vårparten jobbar både valda, Gulen og Masfjorden bestandsplanområde og Gulen kommune med forvaltninga av hjortestammen for dei 3 – 4 neste åra. Dei fleste er samde om at stammen må ned og tiltak må settast i verk for å snu nedgangen i slaktevekter.

Og nokon er alt byrja gle seg til neste jakt.

Strandrydding 2019

Vil du rydde strender i Gulen?

I år har vi litt utfordringar med konteinrar, men har no avtale med NGIR om at vi kan rydde i STRANDRYDDESEKKAR og få levert med vanleg bossbil. Dvs. at ein set ut sekkane på hentedag, der ein normalt set ut sine bossdunkar. Sekkar og hanskar får ein utlevert på Joker Byrknes og ekspedisjonen ved kommunehuset i Eivindvik.

Dersom det dukkar opp større ting eller prosjekt der transport er umogeleg må de kontakte Vivian Våge som hjelper med å finne ei løysing.

Strandryddeveka er 29 april – 5 mai, men vi ryddar når vi kan ☺ Lukke til!

Alt som blir rydda må registrerast på NGIR.no – Samfunn – strandrydding.

Dersom de har ting som ikkje går i sekk men skal sendast med bossbilen, ta bilete og send til NGIR på førehand. Meld frå kor mange sekkar du set ut, slik at bilen har kapasitet. NGIR kontaktast på e-post til strandrydding@ngir.no

Ta kontakt med Vivian Våge, 57782066 ved spørsmål.

Støttefamilie/besøksheim

Barneverntenesta treng støttefamiliar

Er du/de den vi treng? Har du tid å dele med andre?

Ein støttefamilie er ein familie, eller ein enkelt person, som kan romme andre barn, og la desse borna vere ein del av familien. Me treng familiar som likar å vere fleire, er kreative og som kan gje omsorg og regulere born og unge. Det treng ikkje vere sirkus og tivoli, berre heilt vanlege ting vi gjer i kvardagen.

Dei som kunne tenkt seg å vere ein ekstraressurs for andre, kan ta kontakt med oss.

Dei vi tilsett må leggja fram nyare politiattest. De vil få ei godtgjersle for å vere ein støttefamilie, og de vil få rettleiing.

Vil du vite meir, ta kontakt med oss!!

Helsing barneverntenesta ved Jane, Anne Marit, Ann Helen, Ina og Kristin : 57782060 eller 99792109

«Søkjer sjåfør for transport til dagsenter for heimebuande personar med demens»

Gulen Frivilligsentral er ansvarleg for transport til og frå dagsenteret, og vi treng sjåførar som kan vere med å ta denne jobben. Vi søkjer deg som kan bidra som frivillig. Du må vere glad i menneske, og pliktoppfyllande. Kommunen disponerer bil. Dagsenteret er i Eivindvik, og bilen står i Eivindvik. Dermed er det ein fordel om du kan hente og parkere bilen her då den blir nytta i fleire tenester. Brukarane blir henta heime, og bur i ulike delar av kommunen.

Kontakt Vivian Våge v/Gulen Frivilligsentral om du kan bidra. Tlf. 57782066.

Info frå Eigedomsforvaltning

Gratulerer til vår nye fagarbeidar Stian Flolid som har gjennomført fagprøven og fått fagbrev i byggdritar faget.

Offisiell opning av dei nye bustadene for menneske med særskilde behov og eit Aktivitetsenter

Onsdag den 06. mars 2019 var det offisiell opning av dei nye bustadene for menneske med særskilde behov, eit Aktivitetsenter, samt ein kontorfløy.

Rådmann Reidun Halland orienterte om bygget og framtidig bruk av dette. Ordførar Hallvard Oppedal stod for den offisielle opninga og overrekte blomster til einingsleiar Bjørg Johanne Haugland.

Ordføraren gratulerte med flott bygg og slo fast at det endeleg var slutt på ein årelang prosess for å få dette bygget ferdig. Det vart ei svært hyggelig markering der vi fekk vist fram bygget og fasilitetane til alle fram møtte. Vi hadde gleder av å servere kaffi og marsipankake til alle ca. 50 - 60 personar.

Vil og minne om at Aktivitetsenteret tar imot besøk, her lagar me mykje fint. Opningstidene her er **Måndag, torsdag og fredag frå 08:30 til 15:00.**

Takk til Rådmann, Ordførar og alle fram møtte.

Med venleg helsing,

Einingsleiar
Bjørg Johanne Haugland



Info frå Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

Minnegåve:

Gulen sjukeheim vil med dette få takke familien og andre for minnegåva som vart gitt til langtidsavdelinga ved Anna Navdal sin bortgang.

Med vennleg helsing, bebuarar og personell på avdelinga v/avd.spl. og nestleiar Sissel Kvame


Frivillig arbeid i sone Eivindvik-Gulen sjukeheim:

Vi er så heldig i Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim at vi har nokre få, men veldig gode og kjærkomne hjelparar på frivillig basis.

Vi vil med dette rekke ein stor takk til Gunnhild Mongstad som i ei årrekke har tatt på seg ansvar for å drifte aktivitetssenteret på Ebo, ein dag i veka, slik at tilbodet er tilgjengelig x 2 gonger pr. veke. (bilde 1)

Likeeins vil vi takke både Ingebjørg Søreide (bilde 2) og Gerd Hæggernes (bilde 3) for deira frivillige engasjement. Ingebjørg kjem til oss ein ettermiddag i månaden for å ha ei lesestund for fleire av bebuarane våre. Her mimrar ein over gamle minner og les om svunnen tid. Gerd er vorten vår eiga bingovertinne og kjem regelmessig for å gjennomføre bingo både på Diamanten (dementavd.) og felles for langtid og rehab.avd. I tillegg stiller ho opp og er behjelpelig med å ringe etter vikarar når det knip.

Tusen takk alle 3 og velkommen til andre som evt. er interesserte i å utføre frivillig arbeid, til glede for bebuarane våre.



Med vennleg helsing, bebuar og personell ved Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim v/einingsleiar Nina Haveland

Info frå Eivindvik tannklinikk

Helsedirektoratet har publisert nye nasjonale faglege retningslinjer for tannhelsetenester til barn og unge 0-20 år, også kalla TannBarn. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane skal følge desse retningslinjene. I forbindelse med dette er det viktig at dei som kjem til oss har ete på førehand, då ein må vente med å ete og drikke i 2 timar etter behandling.

Info frå Hukommelsesteamet - demensvenleg samfunn

I mars 2019 inngjekk Gulen kommune ei samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen om at kommunen skal bli eit demensvenleg samfunn. Dette inneber at private og offentlege i servicenæringa vil få tilbod om kurs innan demens, og korleis gje best mogeleg service til personar med demens.

Brekke Helselag har vore ein pådrivar for å få igjennom denne avtalen, og helselaget er i samarbeid med kommunen sitt Hukommelsesteam ansvarlege for å halde kursa. Målet med avtalen og kurset er å gjere kvardagen lettare for alle som er rørt av denne sjukdommen, og at menneske med demens skal møte forståing, respekt og støtte frå grupper i befolkninga som dei treng hjelp i frå.

Gulen kommune er den sjette kommunen i Sogn og Fjordane som har signert denne avtale, og dette er ein del av satsinga for at menneske med demens skal kunne bu lengst mogeleg heime, samt få ta lengst mogeleg del i lokalsamfunnet.



Signering av avtale: Petra Hjartholm (leiar Brekke helselag), Hallvard Oppedal (ordførar) og Ingvild Tjønn Hansen (Nasjonalforeningen).

Bedrifter som deltek på kurset vil bli sertifisert som demensvenlege, og får tilbod om klistremerke for å synleggjere at dei har gjennomgått kurs. Kurs og kursmateriell er gratis.

Dersom du tenker at dette er noko for di bedrift må du gjerne ta kontakt med Hukommelsesteamet

Miek Norman
(miek.norman@gulen.kommune.no) eller

Synnøve B. Giil
(synnove.bjordal.giil@gulen.kommune.no).

Nytt frå Eivindvik Idrettslag

FJELLTRIMMEN DIGITALISERAST FRÅ 1.APRIL!!

Sommartrimmen startar 1.april. Frå den datoen tek vi i bruk eit nytt telle-/poengsystem kalla GEOREG. Dette er eit system som krev at turgåarane tek med smarttelefon på fjellet og brukar telefonen sin til å registrere seg på postane i staden for å skrive seg inn i bøker.

Systemet er utrulig lett å bruke, og vil gjere teljearbeidet mykje lettare. Gå inn på idrettslaget si nettside, eivindvikidrettslag.no, og få ei steg for steg-innføring i korleis de opprettar konto, lastar ned georeg-appen og brukar telefonen til å registrere dykk på toppane.

I år vil bøkene og ligge ute, slik at ein kan registrere seg på gamlemåten om ein ikkje har lasta ned appen. Spør oss gjerne om hjelp viss de får problem!

Kjetil Rutledal

Nestleiar Eivindvik idrettslag